

Politimeisteren i Sør-Vest politidistrikt

Service- og fellestenester.

Saksh: Magne Inge Vårvik

Tlf: 53 65 65 21

Dato : 01.12.2016

Vår ref: 16/18151

Dykkar ref:

Arkiv: K2 - X31

Nærpolitireforma - Forslag til effektivisering av den lokale strukturen i politidistriktet - Høringsuttale frå Vindafjord kommune

Det vert vist til Politimeisteren si oversending den 17.10.16 av ovannemnde sak for uttale.

Vindafjord formannskap handsama saka i møte 30.11.16, sak 096/16, og gav slik samrøystes uttale:
*«Vindafjord kommune er positiv til etableringa av Etne og Vindafjord lensmannsdistrikt med lensmannskontor i Ølen som eiga tenesteeining i den nye strukturen.
Vindafjord kommune vil primært tilrå ei inndeling i GDE etter alternativ 2 og peikar her særleg på behov for kunnskap og kompetanse om lokale forhold som eit viktig moment.»*

Særutskrift av formannskapet si handsaming ligg ved.

Med helsing



Magne Inge Vårvik

Seniorrådgjevar politisk sekretariat

Vedlegg.

Kopi: Prosjektleder Bernt Norvalls
Lensmann Ingvar Gjærde

VINDAFJORD KOMMUNE

SAKSPAPIR

Saksnummer	Utval	Vedtaksdato
096/16	Formannskapet	30.11.2016

Saksbehandlar: Birkeland, Kristian
Sak - journalpost: 16/1472 - 2016017234

NÆRPOLITIREFORMA - FORSLAG TIL EFFEKTIVISERING AV DEN LOKALE STRUKTUREN I POLITIDISTRIKTET - HØYRINGSUTTALE FRÅ VINDAFJORD KOMMUNE

Rådmannen sitt framlegg til uttale:

Vindafjord kommune er positiv til etableringa av Etne og Vindafjord lensmannsdistrikt med lensmannskontor i Ølen som eiga tenesteeining i den nye strukturen.

Vindafjord kommune vil primært tilrå ei inndeling i GDE etter alternativ 2 og peikar her særleg på behov for kunnskap og kompetanse om lokale forhold som eit viktig moment.

30.11.2016 Formannskapet

Rådmannen sitt framlegg til uttale vart samrøystes vedtatt.

FS-096/16 Vedtak:

Vindafjord kommune er positiv til etableringa av Etne og Vindafjord lensmannsdistrikt med lensmannskontor i Ølen som eiga tenesteeining i den nye strukturen.

Vindafjord kommune vil primært tilrå ei inndeling i GDE etter alternativ 2 og peikar her særleg på behov for kunnskap og kompetanse om lokale forhold som eit viktig moment.

Saksopplysningar:

Politimesteren i Sør-Vest Politidistrikt har sendt framlegg til effektivisering av politidistriktet sin lokale struktur på høyring med høyringsfrist 01.12.2016.

Dette arbeidet er ein del av politireforma der talet på politidistrikt vart redusert fra 27 til 12 frå og med 01.01.2016. Haugaland og Sunnhordland Politidistrikt gjekk då saman med Rogaland Politidistrikt inn i Sør-Vest Politidistrikt og Hans Vik tiltredde som ny politimeister. Det vert nå arbeidd med å etablere den nye organisasjonen samtidig som dei gamle politidistrikta vert drifta i ein interimperiode.

Oppdragsbrev frå politidirektoratet dannar rammene for politireforma saman med offentlege utgreiingar og avgjerder tatt av Stortinget. Sjøive oppdraget med nærpolitireforma blei gitt av Stortinget den 10.06.2015. Justis- og beredskapsdepartementet (JBD), Politidirektoratet (POD) og politidistrikta (politimeistrane) fekk samtidig ansvar for å iverksetja og gjennomføra endringane.

Ein viktig del av oppdraget er å effektivisera politidistrikta sin lokale struktur for å oppnå eit operativt,

synleg og tilgjengeleg nærpoliti der befolkninga bur. Utvikling av robuste fagmiljø som er rusta for å møte dagens og morgondagens kriminalitetsutfordringar er ein del av oppgåva. Framtidig struktur for tenesteeiningar og tenestestader vil bli avgjort av politidirektøren på nyåret etter tilråding frå politimeistrane i dei 12 nye politidistrikta. Avgjerder vedkomande geografiske driftseiningar vil verta tekne etter lokale forhandlingar med tilsette sine organisasjonar.

Ei arbeidsgruppe i Sør-Vest Politidistrikt har gitt sine anbefalingar om tenestestruktur til politimeisteren. For å sikra medverknad og lokal forankring i kommunane, bad politimeisteren berørte kommunar om å utpeika ein person som kan representera kommunen i politidistriktet si styringsgruppe for nærpolitireforma. Saka blei drøfta i Haugaland Vekst Regionråd og i formannskapet i Vindafjord den 23.08.2016. Ordførar representerer Vindafjord i styringsgruppa.

Politimeisteren orienterte om reforma i forkant av kommunestyremøte i Vindafjord den 13.09.2016 og arrangerte høyringskonferanse den 15.09.2016.

KS sentralt har engasjert seg i nærpolitireforma og har arbeidd for at kommunane må høyrast i reformprosessen som gjeld endringar i lokal struktur.

Politimeisteren sitt høyringsbrev av 17.10.2016

Politimeisteren sitt høyringsbrev til kommunane er utarbeidd med bakgrunn i sentrale føringar og lokale vurderingar og prosessar. Brevet inneheld forslag til endringar og effektivisering i politidistrikta sin struktur, og gir anbefalingar når det gjeld tenesteeiningar, tenestestader og geografiske driftseiningar.

Det er i første rekke strukturen på tenesteeiningar og tenestestad ein no vil ha tilbakemelding på. Når det gjeld geografiske driftseiningar skriv politimeisteren følgjande:

«Når det gjelder spørsmålet om geografiske driftsenheter, så faller det som nevnt utenfor den formelle høringen. Spørsmålet skal avgjøres på et senere tidspunkt i prosessen og etter forhandlinger med tillitsvalgte organisasjoner i politidistriktet. Flere kommuner har vært opptatt av dette spørsmålet, og vi vil derfor presentere to alternativ. Det ene med tre GDE og det andre med sju GDE jeg velger å ikke fremme noe forslag på antall GDE nå, men imøteser gjerne synspunkt på spørsmålet. Alternative forslag imøteses også»

Tenesteeininga Etne og Vindafjord

I framlegget vert tenesteeiningane Etne og Vindafjord slått saman og får namnet «Etne og Vindafjord Lensmannsdistrikt» med lensmannskontor i Ølen. Etne kommune får politikontakt.

Tenesteeininga tilfredsstillar politimeisteren sitt krav til storleik og geografi. Bemanninga vert skildra som tilfredsstillande.

Geografiske driftseiningar (GDE)

Politimeisteren peikar på 2 hovudmodellar for tenestestrukturen, men er open for at det kan finnast andre løysingar. Hovudinnhaldet i dei 2 modellene er gjengitt under.

Alternativ 1 – 3 geografiske driftseiningar:

Følgjande 3 tenestestader skal administrera, samordna og koordinera:

1. GDE Haugesund – tenesteeiningar på Stord, Haugesund, Karmøy, Etne/Vindafjord, Sauda/Suldal
2. GDE Stavanger – tenesteeiningar i Stavanger, Ryfylkeøyane, Strand/Forsand, Hjelmeland
3. GDE Sandnes – tenesteeiningar i Sandnes, Jæren og Egersund

Alternativ 2 – 7 geografiske driftseiningar:

Følgjande 7 tenestestader skal administrera, samordna og koordinera:

1. GDE Stord. Tenesteeining Stord
2. GDE Haugesund og Karmøy. Tenesteeining Haugesund, tenesteeining Karmøy
3. GDE Etne/Vindafjord, Sauda/Suldal. 2 tenesteeiningar
4. GDE Stavanger. Tenesteeining Stavanger, Ryfylkeøyane, Strand, Forsand, Hjelmeland
5. GDE Sandnes. Tenesteeining Sandnes
6. GDE Jæren. Tenesteeining Jæren
7. GDE Dalane. Tenesteeining Egersund

I vedlagte høyringsbrev og rapport frå arbeidsgruppa vert omtala politiet sine oppgåver, lokale utfordringar og fordelar og ulemper med dei ulike alternativa.

Vurdering:

Tenesteeiningane skal levera dei viktigaste innbyggjarrelaterte tenestene som vakt- og patruljetenester, publikumsekspedisjon, førebyggjande arbeid, etterforsking og forvaltningsoppgåver. Det er difor positivt at lensmannskontoret i Ølen får ein sentral posisjon i den nye strukturen.

Dei geografiske driftseiningane må vera store nok til å kunna ha døgntinuerleg patrulje i distriktet. Samstundes må dei ikkje ha ansvar over eit større geografisk område enn ein kan handtera med forsvarleg responstid og lokalkunnskap.

Rådmannen vel å støtta seg på den politifaglege vurderinga i val av løysing og vurderer det slik at begge alternativa kan fungera for Vindafjord kommune. Eit moment her vil og vera korleis strukturen blir i dei andre politidistrikta. Det vert ikkje omtala i rapporten.

Vedlegg:

REFERAT - STYRINGSGRUPPEN FOR NÆRPOLITIREFORMEN SØR-VEST
POLITIDISTRIKT
NÆRPOLITIREFORMEN OG FORSLAG TIL EFFEKTIVISERING AV DEN LOKALE
STRUKTUREN I POLITIDISTRIKTET.